



## FYLKESMANNEN I ROGALAND

### Toraneset Miljøpark, Vindafjord kommune - Plan for avslutting av nåverande deponietappe og søknad om innretting av ny - Høyring og utlegging av saksdokumenta til offentleg ettersyn

Fylkesmannen i Rogaland har frå Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS (HIM) motteke:

- Plan for avslutting og etterdrift av deponietappe 1 ved Toraneset Miljøpark
- Søknad om innretting og drift av deponietappe 2

Gjeldande løyve for deponering av avfall frå 2008 omfattar både deponietappe 1 og 2. Søknad om innretting og drift av deponietappe 2 gir grunnlag for å endra løyvet til bare å gjelda deponietappe 2. Krav til avslutting og etterdrift av deponietappe 1 blir fastsett i eige dokument.

Berekna avsluttingstidspunkt for deponietappe 1 er 2020 og med etterdriftsperiode på 30 år.  
Berekna driftsperiode for deponietappe 2 er 15 - 30 år.

Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta) fastset i kapittel 9 krav til innretting, drift og etterdrift av avfallsdeponi.

Saksdokumenta er lagt ut til offentleg ettersyn i Toraneset Miljøpark, Haraldseidvågen, 5574 Skjold og på internettetsida til Fylkesmannen i Rogaland [www.fylkesmannen/rogaland](http://www.fylkesmannen/rogaland) under "Miljø og klima» og «Høyringar».

Moglege uttaler kan sendast til Fylkesmannen i Rogaland, Postboks 59, 4001 Stavanger, eller [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no) innan fire veker frå kunngjeringstidspunktet.



Vindafjord kommune  
Rådhuset  
5580 ØLEN

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00  
F: 51 52 03 00  
E: fmropost@fylkesmannen.no

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## **Toraneset Miljøpark, Vindafjord kommune - Melding om avslutting av deponietappe og søknad om endring av gjeldande løyve for avfallsdeponi - Fylkesmannen ber om uttale - Utlegging av saksdokumenta til offentleg ettersyn**

**Felles høyring gjeld fastsetting av krav til avslutting og etterdrift, og endring av gjeldande løyve i samband med:**

- **Avslutting og etterdrift av deponietappe 1**
- **Innretting og drift av ny deponietappe 2**

**Fylkesmannen ber om opplysingar om spesielle lokale tilhøve, naboar mv. som det bør takast omsyn til ved sakshandsaminga - Kommunen sin uttale blir å senda oss innan 8 veker.**

Fylkesmannen i Rogaland har frå Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS (HIM) motteke:

### **1. Plan for avslutting og etterdrift av deponietappe 1 ved Toraneset Miljøpark, Vindafjord kommune.**

Innsending av avslutningsplan for deponietappe 1 er i samsvar med vilkår 3.11 i gjeldane løyve av 10.06.2008 for deponiet.

Krav til avslutting og etterdrift av deponietappe 1 vil bli fastsett i eige dokument.

### **2. Søknad om innretting og drift av deponietappe 2.**

Gjeldande løyve omfattar både deponietappe 1 og 2. Søknaden om innretting og drift av deponietappe 2 gir grunnlag for å endra løyvet av 10.06.2008 til bare å gjelda deponietappe 2.

Vi syner til revidert avslutningsplan motteken 20.03.2014, søknad om etablering og drift av deponietappe 2 motteken 20.12.2013, og øvrige saksdokument.

### **Kort utgreiing om omsøkt tiltak**

Type verksedmd:

Drift, og avslutting og etterdrift av avfallsdeponi.

Plassering:	Eigedomane 151/12, 151/16, 151/18 og 162/110, Vindafjord.
Verksemda gjeld:	Avslutting og etterdrift av <b>deponietappe 1</b> . Deponert avfallsmengd fra 1983 fram til avslutningstidspunkt (2020) omlag 380 000 m <sup>3</sup> .
	Etablering og drift av <b>deponietappe 2</b> . Berekna mengd deponert avfall og forureina masser fram til avslutnings-tidspunkt om lag 130 000 m <sup>3</sup> .
Brukstid:	Etterdriftsperiode for deponietappe 1 på 30 år. Berekna driftsperiode for deponietappe 2 på 15 - 30 år.
Resipient:	Ålfjorden (utslepp på om lag 40 meter djupne om lag 135 meter frå land nordvest for deponiet.
Planlagde reinsetiltak:	Ingen.

#### Fylkesmannen sine merknader

EU sitt deponidirektiv er som del av EØS-avtalen teke inn i norsk regelverk som kapittel 9 i forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta), fastsett av Klima- og miljødepartementet 01.06.2004. Deponidirektivet og avfallsforskrifta sett krav til m.a. drift, avslutting og etterdrift av avfallsdeponi.

Aavfallsforskrifta § 9-16 har reglar om avslutting og etterdrift av avfallsdeponi. Miljødirektoratet har utarbeidd rettleiarar som m.a. gjeld tildekking av deponi, kontroll og handtering av sigevatn mv. og finansiell garanti.

Avfallsforskrifta kapittel 9 har i vedlegg I krav til etablering og drift av avfallsdeponi. Miljødirektoratet har utarbeidd rettleiar som m.a. gjeld botn- og sidetetting av deponi.

Fylkesmannen ga 10.04.1981 utsleppsløyve til Vindafjord kommune for interkommunal fyllplass på Toraneset. Avfallspllassen har vore i drift sidan 1983. Dåverande Toraneset Miljøverk IKS fekk 09.02.2000 revidert utsleppsløyvet for Toraneset renovasjonsplass. Kapittel C (som gjeld deponiet) i dette løyvet blei erstatta av eige løyve for deponidrift i vedtak av 10.06.2008.

Avfallsforskrifta kapittel 9 stiller krav om dobbel tetting av deponibotnen m.v. hvis det ikkje er gitt unntak på grunnlag av ei miljøriskovurdering. Slikt unntak blei gitt for nåverande deponietappe 1 i Fylkesmannen sitt vedtak av 01.10.2004. Fylkesmannen vil vurdere mogleg krav om dobbel tetting av botnen i deponietappe 2 ved sakshandsaminga.

Utsleppsløyvet av 10.06.2008 omfattar deponietappe 1 og framtidig etappe 2 som deponi i kategori 2 (ordinært avfall). Løyvet tillet også deponering av nokre typar farleg avfall saman med ordinært avfall.

For avslutting og etterdrift av deponietappe 1 vil det bli stilt krav som sikrar oppsaming og minimum forbrenning av deponigass. Avsluttingsarbeida ved deponietappe 1 skjer trinnvis i perioden 2015 - 2020.

Endring av løyve og fastsetting av krav til avslutting og etterdrift vil etter Fylkesmannen si vurdering ikkje gi vesentleg auke i støy eller lukt, eller føre til vesentleg forureining til jord, vatn eller sediment. Utslepp av deponigass blir redusert. På dette grunnlaget treng saka ikkje handsamast i samsvar med forskrift om konsekvensutgreiingar, fastsett 26.06.2009, jf forskrifa § 4, bokstav g.

I samband med endringane i deponiløyvet vil Fylkesmannen varsle HIM om endringar i kapittel D i løyvet av 09.02.2000 som gjeld kompostering.

### **Offentleg kunngjering**

Fylkesmannen syter for kunngjering av søknaden i Grannar og Haugesunds Avis for søkjars rekning. Kunngjeringsteksten følgjer vedlagt.

### **Utlegg til offentleg ettersyn**

Søknaden blir lagt ut til offentleg ettersyn på Toraneset Miljøpark og på Fylkesmannen i Rogaland si heimeside, [www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland) under "Miljø og klima" og «Høyringar». Uttaler frå interesserte blir å senda Fylkesmannen innan 4 veker frå utleggingsstidspunktet.

### **Uttaler - kommunal sluttbehandling**

Frist for kommunale og fylkeskommunale uttaler blir sett til 8 veker frå kunngjeringsdato.

Vi ber kommunen innan same tidsrom å innhente naudsynte uttaler frå eigne organ så langt ein finn dette naudsynt. Vidare må det gis opplysing om omsøkt verksemd er i samsvar med gjeldande plan- og reguleringsføresegner for området.

Kommunen sin uttale bør gi opplysingar om lokale tilhøve som kommunen meiner manglar eller er utilstrekkeleg omtala i søknaden, og som det bør tas omsyn til ved avgjerda. Vi ber samstundes kommunen varsla andre naboar enn kopiadressatane som kan bli påverka av tiltaket.

Uttaler og utskrift frå den kommunale saksbehandlinga skal sendast til Fylkesmannen.

Med helsing

Marit Sundsvik Bendixen  
ass. fylkesmiljøvernsjef

Einar Haualand  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrifter.*

*Saksbehandlar: Einar Haualand  
Saksbehandlars telefon: 51 56 89 25  
E-post: [einar.haualand@fmro.no](mailto:einar.haualand@fmro.no)*

### **Vedlegg (sett):**

1. Kunngjeringstekst
2. Avsluttingsplan for deponietappe 1 (Norconsult AS, 20.02.2014)
3. Søknad om etablering og drift av deponietappe 2 (Norconsult AS, 02.12.2013)
4. Ingeniørgeologisk vurdering av området for deponietappe 2 (Norconsult AS, 23.10.2014)
5. Fylkesmannen sitt brev av 26.11.2012 om oppsamling og utnytting av deponigass
6. Resipientundersøking 2012 (SAM-Marin, 17.01.2013)
7. Gjeldande deponiløyve av 10.06.2008

Vindafjord kommune: 1 sett

Kopi (utan vedlegg) til:

Ole Andreas Haraldseid	Søre Vågen 1	5574	Skjold
Brynhild Lie v/advokat Olav Braaten	Postboks 1661 Vika	0120	Oslo
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Fiskarlaget Vest	Slottsgaten 3	5003	Bergen
Gunn Kjellaug Hellvik	Salthelleren 14	4364	Sirevåg
Sveio kommune	Postboks 40	5559	Sveio
Fiskeridirektoratet Region Sør	Postboks 185 Sentrum	5004	Bergen
Tor Arne Sandvik	Haraldseidvågen 289	5574	Skjold
Marit Johanne Larsen	Postboks 25	4298	Torvastad
Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS		5574	Skjold
Mattilsynet	Postboks 383	2381	Brumunddal
Martin Johan Frøyland	Øvregata 230 B	5525	Haugesund
Turid Bjorland	Solvangveien 45 B	5519	Haugesund
Jan Gunnar Frøyland	Øyna 11	5574	Skjold
Rita og John Audun Antonsen	Kleivane 15	5538	Haugesund
Asbjørn Alendal	Anndal	5574	Skjold
Geir Øystein Håkull	Vikevegen 122	5574	Skjold
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130	4001	Stavanger
Frøydis Salomonsen	Troldhaugen 129	5412	Stord
Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap	Postboks 2014	3103	Tønsberg
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
Margit Johanne Håkull	Hagebyvegen 24	5574	Skjold
Jan Tore Håkull	Frakkagjerddalen 51	5563	Førresfjorden